



Helge Jordal blir med Bøneskoret på sunnmørsbesøk i juni. (Foto: Privat)

Tar med Bøneskoret til Sunnmøre

Jens Holstad er glad for å kunne ta med seg Bøneskoret til konsertar i Ulsteinvik og Volda.

Som utflytta hareidsdøl er dirigenten glad for høvet til å vise heimbygda til korsongarane sine, og gamle kjende kva han driv med i Bergen. Akkurat dette Bøneskoret starta han opp for 20 år sidan.

Ettersom eg dirigerer tre kor, blir det ein og annan sunnmørstur for å besøke heimlege trakter for meg, seier Jens Holstad.



Jens Holstad (til høyre) gler seg til å vitje Ulsteinvik og Volda, og lovar at publikum får ei god oppleving.

Store og mektige kor

Han omtalar kora sine som store. Til Sunnmøre er det 66 songarar som blir med.

Denne gongen skal Bøneskoret vise fram ei forestilling dei har hatt i Bergen, der mellom andre Helge Jordal har vore med som solist. Han skal også ta del under sunnmørsbesøket i juni. I Volda skal dei halde konsert i kyrkja. Det gler dirigenten seg storleg til, ettersom kyrkja er kjend for å ha god klang. Her blir det ein rein kyrkjekonsert, med litt opplesing. Ein meir religiøs konsert, som også inneheld folketonar.

To ulike konsertar

I Ulsteinvik skal dei opptre laurdag 11. juni. I Ulstein Sjøborg Kulturhus skal dei framføre "Lengsel".

Det uttrykket kan tolkast på mange måtar, fortel han. Bøneskoret sin måte å tolke ordet på, inneber lett blanding av musikal, vise, swing og pop.

For meg er det like kjekt å kome til heimbygda kvar gong, tykkjer dirigent Jens Holstad. Han lovar at dei som kjem på konsertane ikkje vil angre på besøket.

Det er eit mektig kor som "kjøme". Når publikummarane går derifrå garanterer eg at dei skal tenke: Dette likte eg bra!